

OPEL KAPITÄN



Drive sytalaus i solnedgangen




eller -

Ivar Aasen er her på gjennomreise
og kongen les dikt



ei sunnmørsk reise i
tid, rom og mentalitet
av Odd Goksøyr



Odd Goksøyr - lesing, song, gitar

Tormod Engen - gitar, song

Innhald:

Desse er med –	3
PROLOG:	4
<i>Nostalgi - utgangspunkt</i>	4
MONOLOGAR OG DIALOGAR:	5
SKIPPEREN SYNG MEIR	5
<i>Skipperen syng</i>	7
Intervju: SKIPPERENS POETIKK	8
SONGEN OM GYLNE RUT	9
<i>Gylne Rut: Ja</i>	10
EG TREFTE IVAR AASEN	11
<i>Ivar-songen</i>	12
SVELEDIKTET	13
<i>Sunnmørsdronning</i>	14
EG TREFTE KONGEN OGSÅ	16
<i>Kongesongen</i>	17
<i>Gamle menn</i>	18
ETTER EIT FOTOGRAFI	19
<i>Rekved på ei strand</i>	21
SKIPPEREN PRØVER SEG PÅ EIT KJÆRLEIKSDIKT ATT	22
<i>Aske og Eld</i>	23
<i>Morgonstemning</i>	24
EG DRIV SYTALAUS I SOLNEDGANGEN	25
EPILOG	27
<i>Drivesongen</i>	27

Desse er med –

Skipperen – fiskar og musikan

Gylne Rut – ei splitta kvinne

Ei svele – mjuk og varm

Ivar Aasen – på gjennomreise

Knud Knudsen – bokmålsmann, banesyklar og moralist

Kongen - diktlesar

Dronninga – sjølvstendig arbeidande og vertinne

Far - fiskar

Ei 25 fots tresnekke, litt versliten, men i brukbar stand

Muligens Edvard Hoem (heller tvilsamt)

Nokre måsar

Silda

Eg og du (forskjellige)

PROLOG:

Nostalgi - utgangspunkt

med ein som for til sjøs og ein som spelte blues.

Vi sat på rekkje
Vi kika ut glaset
Såg båtar som kom og som gjekk
Når båra var stor, ja,
så brukte vi mase
Om ikkje vi kunne få gå ut og sjå på
Få kjenne på vinden
som tok tak i kroppen
Vi måtte halde i hop
stod der på rekkje
dei tøffaste midt opp'i
roket av båra som slo og som drog oss

...

Vi pakka og reiste
Var femten og seksten
Og stilt'ikkje spørsmål om det
Og hadde vi draumar
Det har vel dei fleste,
så snakka vi mindre, kva visste vel vi då
- ein satsa på Jesus
ei satsa på Lenin
ein satsa på fiske å trål
ei satsa på skule
ein satsa på trening
ei satsa på ungar, og no har ho fire

Ein for til sjøs, og ein spelte blues
Ingen veit kar dei no held hus
Mange som reiste og færre som kom
Men, kven er vel vi til å felle dom?

Sola var varmare
Vinden var mildare
Snøen var djupare før
Det huska eg tydeleg
for brøytekanten
var verre å sjå over då, heilt umuleg
Sanden var mjukare
vegane smale
ei skumkvit stripe av sjø
bar oss på ryggen
no ber vi med oss
vinden og båra som slår som eit hjerte

Ein for til sjøs...

Intro:

Dadd9 - F#

A-tema:

h - e(7) - A(7)(sus4) - D **x3**

h - e(7) - A(7)(sus4) - h


Mellomspel vers 1 - 2:

Dadd9 - F#

B-tema:

Dadd9-F#-G- e7 - A **x4**

Uttro (plystring):

h - e  7 - A - D

h - e  7  9 - A - h

Dadd9 - F# - G - e7 - A - D

Med dette er tid og miljø sett – Sunnmøre siste halvdel av 1900-talet, tida for sildfiske og rockemusikk, utdanningsboom og fråflytting.

I dette landskapet skal vi møte mange, men først og fremst Skipperen, sildefiskar og rockemusikar – i alle fall etter kva han sjølv seier. Men kven kan ein eigentleg stole på?

MONOLOGAR OG DIALOGAR: SKIPPEREN SYNG MEIR

nei det var andre tider
då eg spela bas
i Blood, sweat and tears
på dansane rundt om på
bygdehusa når sildefisket
var over

ja det var midt på
femtitalet
vi brukte sildereksel
til plekter og tørrsild
for å få opp tørsten
om det trongst
ja det var karar
som hadde vaska seg
om ikkje så ofte

ja det var tider vi
sveva over vatna
i ein spildrande ny
Opel Kapitän og
gjorde livet utrygt
på Solstrand kafé
og på ferjekaiene når
vi var på veg
ja vi var på veg

det var tider
seier skipperen og legg
basen varleg over
knea dreg e-strengen
til sides med fingeren på
tredje bandet og
improviserer

"Oh, fisherman,

Whe're you gonna run to?"

i e-moll og den gamle
trommisen frå Blood,
sweat and tears riv
nokre rytmar på tomme
ølflasker og kaffikoppar
medan sologitaristen vrengjer
strengene i ei
forbanning over
nordlendingar, fiskeriministrarar
og for små kvotar

og fiskarkvinnelaget korar
med såre røyster
ei overstemme av
nattvake og hauststormar

det vert stilt i lokalet
berre dansen held fram med
taktfast rasling i
sildereksel frå
femtitalet umuleg
å få vekk
heng på fingrane

kvelden vert natt
skinet frå radarskjermen
kastar skuggar
i lokalet
lanternene hiv seg
opp og ned
digitale fargespor erstattar
svilukta frå ekkoloddet medan
VHFen sprakar
"all on that day"

Skipperen syng

Vi vandra over fjella, sat oppe med ein ven	F-B6-C6-F
Vi sveva over vatna i ein Opel Kapitän	F-B6-C6-F
Vi hasta etter vegane, vi spelte opp til dans	C-d7-B6-F
Vi kasta ut nota nesten utan stans	C-B6-F
Men ventar du til sommaren	d7
når silda har reist heim	C-B6
Ventar du til då?	B6-F

Med basen over knea, og spaken lagt i gir
Når båten var fortøya og låg fanga ved ein pir
Vi reiste etter vegane, vi reiste utan stans
Og spelte på alle dansane som fanst
 Men ventar du til sommaren
 når silda har reist heim
 Ventar du til då?

Vi spelte tunge rytmar, som havtung stampesjø
Om blikket vart litt vinglete var trommisen heilt stø
Med splintra trommestikker og ein sikker rytmefot
mens ekkoloddpapir tel ein puls i sot.
 Men ventar du til sommaren
 når silda har reist heim
 Ventar du til då?

Vi song i lys frå moreld, til roleg åretakt
Refrenget var som nordlys ei råkald nattevakt
For silda trur på livet, med runddans tett i stim,
ein dødsleik i snurpenot er alt ho finn.

***Han som ikkje har sett silda
gyte ei vinternatt
når havet gløder av
moreld veit lite om drifter
seier skipperen og
sparkar skorne av seg***

Men ventar du til sommaren
når silda har reist heim
Ventar du til då?

Nei, det er ikkje så mykje vi eigentleg veit om Skipperen, verken yrkesliv, musikaliv eller kjærleiksliv. Men – ein gong på 90-talet gav han eit intervju til avisa Velstandsnytt. Her legg han fram sine tankar om livet, havet, kjærleiken, døden – og poesien.

Intervju: SKIPPERENS POETIKK

Du har ei omflakkande fortid?

Heller drivande, eg dreiv no sildefiske til silda forsvann, så dreiv eg litt linefiske på bankane til dei forsvann eller vart oppkjøpte av staten. På femtitalet dreiv eg rundt på vegane med eit band vi kalla Blood, sweat and tears, vi hadde Churchill til idol og kjempa mot overmakta i mange år. Vi såg stadig dette lyset i enden av tunnelen, men vi nådde det aldri.

Og no driv du i poesien?

Ja, det er no mest som eit handverk å rekne, men det vart litt meiningslaust i lengda berre å skrive flåsete rocketekstar om låvv og traktorsko, denne kjærleiken som er så oppskrytt har eg ikkje sett så mykje til. Kjærleik har ofte ruinert eit godt vennskap.

Nei, det er ikkje mykje kjærleik og romantikk i dikta dine, men ikkje så mykje sorg og smerte heller. Er ikkje menneska sine kjensler viktige?

Jau, men nervetrådane ligg der og kjærleik tar vitet frå oss og sjukdom makta frå oss utan at det er så mykje vi kan gjere med det. Det vi *kan* gjere noko med, er dei *rammene*

vi elsker og døyr innanfor, derfor vil eg skrive om det. Gud og poetane er snart trengde opp i kvar sitt hjørne av universet, svarte hol og laussleppte hormon vert litt magert i lengda. Språket er eit middel til å forstå verkelegheita, om ho finst. Han som ikkje les dikt, har begge beina på gassen.

Somme vil meine at dikta dine er tøvete og temporære?

Det har dei rett i. Skal ein skildre det tøvete og temporære, som økonomi og politikk, må ein skrive tøvete og temporært. Eg skriv leilighetsdikting, ikkje husværellyrikk.

Er du ganske enkelt berre endå ein lettvindt og sur moralist?

Ja, og romantikar, få med det, håplaut romantisk, har tru på menneska. Det er slikt som gjer ein motlaus.

Trykt første gong i Velstandsnytt 10. oktober 1993

Men sjølv motlause menn treng kvinner, ja, kanskje spesielt dei. Og kvinnene sine vegar er uransakelege, slik også den kvinna som er valt ut for Skipperen. I krikar og krokar strekkjer ho seg frå Trollstigen til Geiranger, romsdaling og sunnmøring, ei samansett og kronglete kvinne. i den eine augneblinken eit PR-stunt, the Golden Route, i neste augneblinken ei varm og krevjande kvinne, med andre ord: songen om Gylne Rut...

SONGEN OM GYLNE RUT
(the Golden Route)

Å gylne Rut
Vi skal kome til deg
med våre pirrande
turistskip og våre kjæln
slangelause gummihjul
Vi skal kvile i
saftige enger (til
bonden ser oss) og
tøme campingtoaletta
på avmerka plassar
(så sant dei finst)

Å gylne Rut
Om du serverer lunsj
på ein flygande fjellgard
ein tidleg morgon i løynd
eller svingar deg rundt
i sola med flagrande hår
veit vi at det er
noko meir du vil
gylne Rut

Du vil drage oss
til deg igjen og igjen
Klemme oss inn i tronge
vikar med glinsande siv
Du vil kaste oss rundt
i bølger kneise over oss
med uoppnålege tindar og
vise oss djupner vi ikkje fattar
gylne Rut

og vi legg
alltid att pengar
når vi går

Gylne Rut: Ja

Å, Gylne Rut, du skjer rett gjennom fri natur 2b – 4b -
Slangar deg rundt nakne nes 5b
der nesten ingen bur 7b
Å Gylne Rut, du inviterer oss på fest 2b – 4b -
I sommartempo der vi alle er din gjest 5b – 7b – 2b

Og når du spør om vi har hatt det bra e (7) – a7
Så sveivar vi ned glaset og kviskrar D - Gdim
Ja e (7)

Å, Gylne Rut, du strekkjer deg med navlen bar
Lette slør langs sidene,
du smiler og er klar
Å, Gylne Rut, til nye famntak i ei eng
Om kvelden ligg vi fredeleg i bubilseng

Og når du spør om vi har hatt det bra
Så rastar vi langs vegen og kviskrar
Ja

Å, Gylne Rut, eg hugsar du var ung og slank
Kjolen støvgrå, livet smalt,
du gav oss hjartebank
Å, Gylne Rut, då levde vi i sakte fart
No ligg du brei og asfaltmørk og gul og svart.

Men når du spør om vi har hatt det bra
Så trakkar vi på gassen og kviskrar
Ja

og02

Ein annan sunnmørsk arketypp, eit ikon og helgenbilde, er Ivar Aasen. Om Ivar Aasen bestemte seg for å vende tilbake – som han gjer i kveld – korleis ville han då handle og reagere? Noko av svaret ligg sjølvstilt i diktinga hans, til dømes Mellom bakkar og berg. Her kan vi lese at han fekk hug til eit varmare land. Han ville altså ha reist til Syden, han ville kjøpt hus, gjort seg kjent med forholda, og – ikkje minst – lært seg språket. Men han ville mistrivest og reise tilbake til Sunnmøre, men han ville ikkje stoppe her. Nei, han ville reise nordover til dit netter er ljose som dagar, og der ville han gifte seg, få ungar, kjøpe sjark, og kanskje ville han få ei lita kvote? Han veit å ordne seg, han Ivar.

Og forresten, til dei som ikkje har språkhistoria klart for seg, syklisten som er omtalt, er overlærer Knud Knudsen, bokmålets far, seinare attfødd som trøndersk banesyklist frå Levanger på 70-talet.

EG TREFTE IVAR AASEN

Eg trefte Ivar Aasen
nede på Samvirkelaget
her ein dag
Han var i grunnen endå meir
puslete enn eg hugsar han
verka nervøs og
kjederøykte Salem med mentolsmak
Hei kompis sa eg
lenge sidan sist
Ja sa han eg fekk hug
til eit varmare land men
trur du ikkje svina
lurte meg så no er
Casaen vekk og kassa tom
Janei kvinnfolk kan ein
aldri stole på sa eg
Ikkje mannfolk heller sa Ivar
han hersens syklisten eller kva
han no var har overteke
heile butikken medan eg var vekk
Ja du gjekk vel mykje du sa eg
det går fortare med sykkel
Kva skal du gjere no då?
Nei eg tenkte meg ein
tur nordover med hurtigruta
har aldri vore nordover eg
veit du
Nei eg visste no det
janei du får helse då sa eg
Du og sa han og tende
ein ny sigarett
Eg fekk brått slik trong
til å rope etter han der
han tusla nedover mot
hurtigrutekaia med ein plastpose
fire lettøl og eit Dagblad men
eg gjorde det ikkje

Ivar-songen

Prolog:

Gjev eg var i eit varmare land

Kor:

Ivar har reist til Senja Cmaj7/A-d7
Ivar har fått seg båt G- Cmaj7/A
Ivar har fått seg kjerring Cmaj7/A-d7
og pipa har fått ein annan låt G- Cmaj7/A
Ivar har reist til Senja d7-G
Ivar har fått seg sjark d7-G
Ivar har fått familie Cmaj7/A-d7
og har starta med blanke ark G- Cmaj7/A

Monolog:

Kjøpte meg hus i Syden Cmaj7
timeshare på kaksars vis d7
No lengtar eg heimatt til Møre G
til husrom av høveleg pris Cmaj7/A

Rusla meg rundt i landet
Samla inn kvart eit ord
No sit eg og blar i parløren
og lurar på kvifor eg for

Eg sit her på kafeen d7
og trøstar meg med ein øl G
Sjølv om overlærer Knud Knudsen d7
seier det er noko søl G
Ja, eg sit her på kafeen Cmaj7/A
med ei dulle på kvart kne d7
Sjølv om overlærer Knud Knudsen G
seier eg må slutte med det. Cmaj7/A

På fortausrestauranten
og nippar ein Curaçao
Tenkjer overlærer Knud Knudsen
blir bra misunneleg då
Sit på fortausrestauranten
heilt til sola skal gå ned
Det kan overlærer Knud Knudsen
ikkje få gjort noko med

Kor:

Ivar har reist til Senja
Ivar har fått seg båt
Ivar har fått seg kjerring
Og pipa har fått ein annan låt
Ivar har reist til Senja
Ivar har fått seg sjark
Ivar har fått familie
Og har starta med blanke ark

Epilog:

For når netter er ljose som dagar
kan han ingen stad venare sjå

og03

SVELEDIKTET

Det er skrive dikt om
Grovbrød og loff
Drifter og død
Eldfluger og tekanner
Men på denne kyststripa
med ryggen mot havet
i polstra lenestolar med utsikt
mot bompengeprojekt
og hurtigbåtar
Mellom desse menneska som veit
at bjelken i auget
er det faste haldepunkt i livet
Veleigna til råmateriale
når eksotiske treslag vert verna
Mellom desse menneska
manglar enno diktet om
 kjærleik og sveler
Om seine timar
i røykfylte ferjesalongar
der berre den fuktige lukta
av natron frå byssa bryt
eimen av olje og gammal kaffi

Ei uklar kjensle
av å vere på veg
med mjuk varme mellom hendene

Mjuk varme mellom hendene
Mjuk varme mellom hendene
Mjuk varme mellom hendene
Mjuk varme mellom hendene

Sunnmørsdronning

Ho serverer cola som det skulle vore vin
har nettopp fått seg ny kaffimaskin
Borda er grå, og beina er av stål
Stolane er slitne av skubbing og skrål
I eit hjørne så mæl det ein plateautomat
Og sjølv så held ho kundane med prat

d - d/C - B^{maj7} - A7
F - C
d - A
F - C
d - A
B^{maj7} - C - G^o
d - d/C - e⁷⁻⁵ - A

For ho er dronning
I eit respatekspalass
Ho er dronning
Med sin eigen plass
Og MRF skaffar henne brød
Gjennom ventetida
i ei sunnmørsk ferjekø
Å, ho er dronning

d - d/C
B^{maj7} - A
d - d/C
B^{maj7} - A
F - C
d
A
d

Når hausten har kome og ferja har gått
Når bilen blir kald og veret er grått
Så kan du sjå lyset frå eit einsleg hus
Der det går an å kjøpe kaffi og brus
Og lar du deg friste og rusla deg inn
So tar ho imot med eit ope sinn
- - -

Ho spør kvar du er frå og kven sin som du er
Ho spør kvar du skal og kva du skal der
Har ho ei bekymring så ber ho henne fram
Ho deler ut glede, sorg og skam
Og er du av dei som ikkje seie kven du er
Har ho lang, lang trening i å oppklare det
- - -

I eit hjørne så sit det ein einsleg emissær
Alle ser kva han er, ingen set seg for nær
Litt lenger borte syng eit fotballag
Dei feirar no enten det vart seier eller tap
På kjøkenet så sit det ein trailersjåfør
Han har sin faste plass der han slepp å stå i kø
For han har ei dronning...

Som har lært av sin neste, som sel ikkje på borg
Som kan kjefta deg ut og gi deg sjelesorg
Som ser kva du treng, ho er dronning her
Når ferja kjem er ho den som ikkje fer
Sjølv kronprinsen på kjøkenet, han reiser seg og går
Har hatt sin faste plass no i fire år

Alle strøymer ut når ferja legg til
Ho veit kvar dei skal og kor mange mil
Har meir å fortelje til neste kø
Den forrige får sigle sin eigen sjø
For verda sviv vidare og livet det sviv rundt
Men same kva som skjer har ho sitt faste punkt

...der ho er dronning
med sin egen plass
Ho er dronning
Ho har eit respatekspalass
Og MRF skaffar henne brød
gjennom ventetida
I ei sunnmørsk ferjekø
Å, ho er dronning

EG TREFTE KONGEN OGSÅ

Eg treffe kongen på doen
på Ulstein Hotell vi
stod og slo lens
Hallo sa han hallo sa eg du
er ofte her skjønar eg
På desse kantar meiner du sa han
ja det har blitt ein del
i det siste sånn signingsferd og
sølvbryllaup og omvising på filetfabrikkar
og små private samkomer i
verkstadforeiningar ja det er alltid
eit kvart sa kongen
Men du likar vel å reise du sa eg
interessert i dynamisk
arbeidsstil og slikt er vel
litt av kvart å lære her sa eg
Men det blir lite tid heime
då sa kongen ja det går no greiare
no når borna er store og dronninga er
blitt dronning og har fått eigen jobb
men det blir lite tid til å lese
og spele gitar og danse
swing då sa kongen
Eg har ei spildrande ny
diktbok heime eg sa eg
Blir du med heim kan du få sjå
Ja det gjer vi sa kongen og så
lurte vi oss ut bakdøra

Kongesongen

Capo 2. band =em

Kongen blar om til neste sida	d - d/C - Bmaj7 - A7
Kongen er stiv og øm og støl	d - d/C - Bmaj7 - A7
Kongen har att to kapittel	d - d/C - d/H - Bmaj7
Og bruene får opne seg sjølv	d - C - d - C
Kongen er spent og forundra	F - C
Over retninga handlinga tok	F - A7
For ingen er så konge	d - d/C
Ingen er så konge	Bmaj7 - A7
Ingen er så konge	d - d/C
Ingen er så konge som kongen	Bmaj7 - A7 - d - d/C
Når kongen sit med ei bok.	Bmaj7 - A7 - d
	d - d/C - Bmaj7 - A7

Kongen sit og humrar i stolen
Kongen har fått ho av ein ven
Kongen vil ikkje sei' namnet
Eg veddar på at han heiter Behn
Kongen har rynker i fjeset
Av smil og av bok som gjer klok
For ingen er så konge
Ingen er så konge
Ingen er så konge som kongen
Når kongen sit med ei bok.

Kongen har kjøpt inn nye hyller
Kongen har kjøpt endå eit slott
Kongen har fylt det til loftet
Fordi han synest bøker er flott
Kongen les stilt bak reolen
Og dronninga spør kvar han drog
For ingen er så konge
Ingen er så konge
Ingen er så konge som kongen
Når kongen sit med ei bok.
Nei, ingen er så konge
Ingen er så konge
Ingen er så konge som kongen
Når kongen sit med ei bok.

og03

Gamle menn

Eg har ofte undra eadd9
kvar gamle menn blir av dadd9
Dei som har gått før oss
og alt dei ikkje sa
Bygde det vi arva
Miste det vi fekk
Greip ikkje gevinsten eadd9
og ein dag så var dei vekk.. dadd9 - H

Ref-
Dei hadde spørsmål G - a7
Følgde kvar sin straum D - G
Dei hadde planar og ein
flimrande draum e - D
Hadde ei fortid og ei
framtid som glei vekk D
Og dei sa oss aldri a7
kvar dei gamle mennene gjekk H7 - e add9

eadd9- dadd9

Ofte sat dei stille
sygande på ein sneip
Log av gamle vitsar
og spleisa nye reip
Hadde vunne krigen,
skapt ein arbeidsdag
Framtida var tapt til
neste arbeidslag

Sa ikkje kvar dei skulle
ein dag så var dei vekk
Hadde vorte stille
Ga opp før siste trekk
Såg dei kva dei skapte,
liv i straum og foss?
Tagde, gjekk ut døra
og tok med seg litt av oss

og97

ETTER EIT FOTOGRAFI

slik skal eg hugse deg
Eit smilande
om enn litt overraska
ansikt i holet ned
til maskinrommet
ein sneip i munnviken
 (medan tobakk enno var sunt)
ein oljeflekk på
venstre kinnet
twistdotten i handa som
held i handtaket ved døra
baskarhua på snei
som ein kunstnar i Paris
 (rett nok bryt smurningskanna
 i andre handa illusjonen)

Ser eg nøye etter kan eg sjå
spora av sildereksel i panna
og kan tenkje meg at båten ligg
ved kaia klar til å losse
med eit fribord som
ikkje er omsnakkande
Det er ein fin vinterdag med
klar luft og oppgangstider i
vinddraget svakt
frå søraust ein dag eitt av dei
gode sildeåra først på femtitalet

Eg kan kjenne lukta av barka
garn og let eg att augene kan
eg kjenne dei harde og
gjennomsiktige fiskeskjela kleime
seg til fingrar klede og
smaken av tørrsild glir
etter tungeryggen

Slik skal eg hugse deg
sjølv om eg aldri veit
om det er du eller eg
som veks fram i desse minna
eller om skilnaden i
det heile finst i dette
livet der vi ber kvarandre
inne i oss
utan å få sagt det

vi kan alltids setje oss ned
sjå på gamle fotografi
fortelje historier frå mørke
netter og grovt hav
menneske som levde
knappe replikkar vi kan hugse
og file skarpare med åra
ein stein framfor huset som
er borte no og alt vi ikkje
har ord for

Rekved på ei strand

Vi leitte rekved på ei strand C-a7
Fann stokkar frå Sibir C
og Canada a7
Vi hadde aldri hørt om Samarkand F-d(7)
Men på ei kasse stod São Paulo C-a7
Vi visste ingenting om kvar det var - C-a7
ein sa: F
"Kven vil bli med meg dit São Paulo!" F-d7-G
Han for G-C
Har aldri hørt om han kom fram a7-C
Elle kvar han er a7-d
Om eg hadde ein bror å reise med G-a
så for eg etter... d-C
Om eg hadde ein bror å reise med G-a
så for eg etter... d-C
G-C

I skapet stod ein grå Kurér (**Good evening!**)
Der las vi BBC
og Hilversum (**This is radio Luxembourg!**)
Om kvelden leitte vi fram Luxembourg
I radiolyset dansa tonar
Vi visste lite nok om kva alt var -
ei sa:
"Kven vil bli med og fange tonar?"
Ho for
Tok med ein oppskrapa gitar
Skulle gjer suksess
Om eg hadde ein song å reise med
så for eg etter...
Om eg hadde ein song å reise med
så for eg etter...

Vi høyrde rykte om Rockall
Eit fjell i havet vest
for Stornoway
Det tok si tid å gå med åtte knop
Å, kor dei la ut om "Kanalen"
Om "Dover" og om "Stredet ved Calais":
"Oh yeah!"
Var ofte tøft der i Kanalen!
Vi la (**la-la-la**)
til kai ein kveld i Rotterdam (**dam-dam-dam**)
Der var damer nok!"
Om eg hadde ein båt å reise med
så for eg etter...
Om eg hadde ein båt å reise med
så for eg etter...

Så mange namn G-a7
Så mange draumar vi aldri nådde G-C-d
No kan vi nå dei viss vi vil G-a-F
Det er knapt ein plass det ikkje går fly til F-C-G

No er vi rekved på ei strand
Er Ask og Embla på
ei kveldstom strand
Her går det sjeldan nokon gud forbi
Og der ligg kassa frå São Paulo
men vi veit endå knapt nok kvar det er -
du seier:
"Kven blir med meg dit? São Paulo!"
Vi fer
Veit ikkje om vi kjem heilt fram
Eller kvar vi skal
Om du vil fylgje med på vegen dit
så fer vi etter...
Om du vil fylgje med på vegen dit
så fer vi etter...
Om du vil fylgje med ...
Om du vil fylgje med ...

SKIPPEREN PRØVER SEG PÅ EIT KJÆRLEIKSDIKT ATT

Vi hørde Kirsten
Bråten Berg syngje Cohen
 ”som en fugl på en snor”
song ho så småkyssa vi
litt på badet og
etterpå gløymde vi både
Cohen og at vi skulle tidleg
opp neste dag

Eg låg og tenkte at
visst er det godt men
det er som med julaftan
det er dagane mellom
som er avgjerande

Aske og Eld

(Skipperen og Gylne Rut - statusrapport)

Møttest ein kveld A-e7
aske og eld D-A
Aske og eld A-e7
var alt dei hadde D-A
Falmande lyst, e7-D
flammande drift C-h
På eit hotell A-e7
aske og eld D-A

Elske ei natt e7-D
skattefritt A
Elske ei natt e7-D
svart og kvitt A
Elske ei natt e7-D
røme bort e⁷⁻⁵-h
Elske ei natt e7-D
ganske stort A
e7-A-e7-A

Levde eit liv, F#-h
vindpust og siv C#7-F#
Vindpust og siv h-e7
var alt dei hadde A-D-A
Glans frå ein skjerm, F#-h
draumar og snop C#7-F#
og tidsfordriv, h-e7
vindpust og siv A-D-A

Elske ei natt
skattefritt
Elske ei natt
svart og kvitt
Elske ei natt
røme bort
Elske ei natt
ganske stort

Skildest ein dag e7
Små, små bedrag D
Små, små bedrag F#
var alt dei hadde e7-A
Rygg i mot rygg e7
ikkje eit ord D
Slett inga sak F#
Små, små bedrag e7-A

Elska ei natt
skattefritt
Elska ei natt
svart og kvitt
Elska ei natt
rømde bort
Elska ei natt
ganske stort
e7-A-e7

Møttest ein kveld A-e7
aske og eld D-A
Skildest ein dag A-e7
Små, små bedrag D-A
Rygg i mot rygg e7-D
Slett inga sak C-h
Levde eit liv, A-e7
Vindpust og siv D-A
(men dei)

Elska ei natt
skattefritt
Elska ei natt
svart og kvitt
Elska ei natt
rømde bort
Elska ei natt
ganske stort

Morgonstemning

D'er berre - morgon sei' dei; - Stå no - opp og ver grei! d9 - C9

Men morgon - det er - svært nok - eg er så lei! d9 - C9
3

Men du veit - det er sånn det er A - G

Ikkje noko å gjer' med det A - G

Nei d9

Eg hadde - tenkt å stå på - kanskje - vaske litt opp

Men heldig-vis har - eg ein - motvilleg kropp
3

Ja, du veit - det er sånn det er

Ikkje noko å gjer' med det

Nei

Ein dag eg - stod opp var ho - vekk og - skapet var tømt

I hjørnet - grå små - dottar, - ho hadde rømt
3

Men du veit - det er sånn det er

Ikkje noko å gjer' med det

Nei

Kvar dag eg - står opp er det - tungt og - svartaste natt

Det er nok - best å - gå og - legge seg att
3

Ja, du veit - det er sånn det er

Ikkje noko å gjer' med det

Nei

Eg trur eg - ser litt fjernsyn, - noko - eg såg i fjor

Og tenkjer - det er - berre - livet som går
3

Men du veit - det er sånn det er

Slitsomt å gjer' noko med det

Ja

EG DRIV SYTALAUS I SOLNEDGANGEN

Eg driv
sytaus i solnedgangen
i ei femogtjuefots tresnekke
litt versliten men i brukbar stand
og prøver å legge
alle bekymringar bak meg

Eg rid på ei matt stripe
av skum og hav med ei
uendelegheit av famnar under kjølen
og lar motoren dunke i veg
i dorgefart for å rettfærdiggjere
gjerandsløysa og i tilfelle
slekta skulle sjå meg
heng ei dorg (rett nok utan
onglar) etter båten
Våkitåkien ligg att heime
og det er berre snekka og eg
inn i solnedgangen

Ein skybanke driv forbi
i synsranda brungrå med
vakre krøllar eller er det
Edvard Hoem som sig forbi
på veg mot barndommen (i så
fall seier han ikkje eit ord og
vel er det for no søkjer eg
fred berre fred og eit
og anna måseskrik)

Eg driv
sytaus i solnedgangen
medan Ivar Aasen durar forbi
i sjarken sin han har gifta
seg nordafor og fått kjerring og
tre ungar og har slege seg på
sjarkfiske og er lukkeleg
"Korleis går det" ropar eg
"Å du veit kor det e" svarar Ivar
"bærre mannjsjit å balljdott
alljt i hop" han har alltid

vore flink å plukke opp nye
ord han Ivar
Eg vinkar etter han der han fer
smilande utover med
linestampen på hekken

Øyane skifter farge frå
kveldsraudt til sommarnattblått
i det kongeskipet rundar
ein holme med dempa lys og
mjuk rockemusikk på dekk
Kongen står ved ripa og
vinkar med ei bok og brått ser
eg at det er skipperen som spelar
og syng der på dekket og gylne Rut
sit ved føtene hans og korar

"Eg har fått måne Må oftare på do

Kneskåla sviktar Men nobabyno

Ikkje trakk på

Ikkje trakk på mine traktorsko

Same kva du gjer

Ikkje trakk på mine traktorsko" og

når kongeskipet sig inn i skumringa
kjem dronninga ut med eit brett

Sjølv ruslar eg meg inn og
fyrer på Optimusen eg
treng til ein kaffiskvett der
eg sig sytalaus inn i
solnedgangen i ei femogtjuefots
tresnekke litt versliten men
i brukbar stand med ei dorg utan
onglar og ei matt stripe av
skum og hav etter meg

EPILOG

Drivesongen

Drive A – f#7 – h7– E7 osb
Etter sild og etter sei
Etter hyse, torsk og skrei
Blir vi aldri, aldri lei

Drive
Heilt til bankane forsvinn
Kapitalen skrumpar inn
Som eit snøfjom på ditt kinn
(*på ditt mjuke, varme skinn*)

(*talekor*) **Drive, drive, drive, drive, drive, drive**
Drive – eller ”draiv” D – C#7
Feeling – heilt ”alaiv” D – C#7
Stay no kul og „gimmi faiv“ f#7 – h7– E7 – A

Drive
Etter vegane i lag
Berre knappast gjer det slag
Høyre sus og båretdrag

Drive
Drive dank og drive bank
I ei snekke, delvis blank
Oljelukt og stempelklang
(*prøver gjere vegen lang*)

(*talekor*) **Opel, Opel, Opel, Opel, Opel, Opel**
Opel – Kapitän
Var vår – beste ven
Du kjem aldri meir igjen

*Då vil vi takke alle for at de ville drive litt i lag med oss i kveld
Vi skal helse frå Skipperen, han hadde anna å gjere sa han
Han kan no vere litt sær.
Med Gylne Rut har det gått berre bra, ho har teke utdanning som vegingeniør
og tek kurs i magedans i helgane
Kongen fordjupar seg i bokhausten og dronninga har lært seg å steike sveler
Ivar Aasen vil også helse, han har meldt seg inn i Noregs Mållag og har bestemt seg for å ta
opp kampen på nytt
Berre silda føler seg litt einsam etter at dei andre forsvann, men ho vil også gjerne helse dykk
vel i veg og skulle ønskje de kunne få oppleve kjensla av å køyre heim i ein*

(*tale*) **Opel, Opel, Opel, Opel, Opel, Opel,**
Opel – Kapitän
Var vår – beste ven
Du kjem aldri meir igjen